



Arkivnr: 2014/20396-61

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Eirik Knive

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 13.05.2015 |

Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane

Samandrag

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vil vere ein føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til friluftsområder.

Prosjektet vart starta opp 2014 og då vart det tildelt midlar til kartlegging og verdisetting av friluftsområder i 9 kommunar i Hordaland. I tillegg vart det avsett midlar til å implementere data om regionalt viktige friluftsområder frå 2008 i naturbasen.no. Dette arbeidet vil ferdigstilla i mai.

Miljødirektoratet lyste ut midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2015 med ei ramme på kr 5 millionar. Søknadsfristen var 15. mars og Hordaland vart i tilsegnsbrev av 27. mars tildelt kr 667.000. Det er krav om 50% eigenfinansiering frå fylket og kommunar. Fylkestinget i desember 2014 avsette kr 428.000 frå post 400.420 til tiltaket og kommunane bidreg med kr 630.500 i eigeninnsats og kommunale midlar. Det er såleis kr 1.095.000 (kr 667.000 i statlege midlar + kr 428.000 av fylkeskommunale midlar) til fordeling til kartlegging og verdisetting av friluftsområder i kommunane i Hordaland for 2015.

Kommunane hadde søknadsfrist 15. februar til Hordaland fylkeskommune. Det kom inn 10 søknadar. 3 kommunar søker om «restbeløp» frå 2014, og 7 kommunar søker om midlar til oppstart og gjennomføring av arbeidet med kartlegging og verdsetting. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot. Desse utgjorde Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet.

Hordaland fylkeskommune er tildelt midlar til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å ha løpende sakshandsaming av søknadar om tilleggsløyving på kr 30.000 til kvart prosjekt til dette arbeidet (16 kommunar i 2014 og 2015).

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 1.095.000 over budsjettpost 10.400.450.21.14700 til kartlegging og verdisetting av friluftsområder slik:

- | | |
|---|---------|
| 1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. | 480 000 |
| 2. Møter/konferansar/oppøkande verksemnd | 100 000 |

3. Tilskot til lokal prosjektleiing i kommunane vert fordelt slik, totalt kr: 515 000

| Søkar | Tildelt 2014 | Total kostnad | Søknadssum | Tildeling 2015 |
|-------------------|---------------|------------------|----------------|----------------|
| Fjell kommune | 35 000 | 175 000 | 25 000 | 25 000 |
| Meland kommune | 40 000 | 175 000 | 20 000 | 20 000 |
| Tysnes kommune | 10 000 | 120 000 | 50 000 | 50 000 |
| Austrheim kommune | | 140 000 | 60 000 | 60 000 |
| Odda kommune | | 120 000 | 60 000 | 60 000 |
| Fitjar kommune | | 120 000 | 60 000 | 60 000 |
| Etne kommune | | 120 000 | 60 000 | 60 000 |
| Samnanger kommune | | 85 000 | 60 000 | 60 000 |
| Radøy kommune | | 140 000 | 60 000 | 60 000 |
| Sund kommune | | 120 000 | 60 000 | 60 000 |
| Totalt | 85 000 | 1.215.000 | 515 000 | 515 000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.04.2015

Bakgrunn

I regional kulturplan (2015 – 2025) er det eit mål å sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er eit viktig bidrag for å nå dette målet ved at kommunane identifiserer, utviklar og varetar areal for friluftslivet. Fokus på tettstad- og bynære friluftsområder er særleg viktige element i folkehelsearbeidet. Arbeidet skal kvalitetssikrast med hjelp av ny rettleiar frå Miljødirektoratet «M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder» og fagleg rettleiing frå friluftsråda. Tiltaket er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vert ein føresetnad for å kunne søke statlege midlar til friluftsområder.

Mål med kartlegginga

Målet med kartlegginga er å:

- få oversyn over og tydeleggjera areala til friluftsliv i kommunen
- få verdisett og prioritert areala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar.

Roller og ansvar

Som prosjektkoordinator skal fylkeskommunen motivere og rettleie kommunane i arbeidet, og sikre erfaringsutveksling mellom kommunane underveis. Arbeidet i den enkelte kommune vert leia av ein lokal prosjektleiar som har ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med M98-13 med oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe, og har ansvar for rapportskriving. Friluftsråda vil vere ein viktig aktør i medlemskommunane (23 av 33 kommunar) i rolla som lokal prosjektleiar der kommunane ønskjer bistand. Bergen og Omland friluftsråd tilbyr å vere prosjektleiar også for kommunar som ikkje er medlemskommune. Midlane kan i desse høva overførast direkte til friluftsråda.

Hordaland fylkeskommune vil bistå i arbeidet med å digitalisere, kvalitetssikre og gjøre om datafilene til SOSI - format for å kunne leggje data inn i Naturbase.no.

Ved utarbeidninga av prosjektrapporten «*Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland*» (2008) hadde alle kommunane ei aktiv rolle. Digitale data frå denne prosjektrapporten skal oppdaterast ved å etterfylle utdaterte data om områder frå arbeidet i 2008. Arbeidet med å konvertere desse datafilene til ein standardisert SOSI-fil for å leggjast inn i Naturbase.no har vore på anbod. Geodata har fått jobben, og arbeidet vert anteke ferdig i juni 2015.

Fylkeskommunen arrangerer eit møte i januar på Helleneset for å informere og involvere fleire kommunar i arbeidet. På denne samlinga deltok Gudrunn Hagen frå Miljødirektoratet. Til hausten skal Hordaland fylkeskommune arrangere nettverksmøter for kommunane. Då vil dei kommunane som har komme godt i gong med arbeidet vidareformidle sine erfaringar til dei som er i startfasen, slik at dei kan vidareformidle erfaringane til andre kommunar som skal i gong. Friluftsråda vil ha ei viktig rolle i dette arbeidet.

Om tilskotsordninga

I 2014 utlyste Miljødirektoratet for første gong midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane. Hordaland fekk tildelt kr 400.000 og Kultur- og ressursutvalet gav tilsagn til dette arbeidet i 9 kommunar i Hordaland i desember 2014. I tillegg vart det avsett midlar til å implementere data om regionalt viktige friluftsområder frå 2008 i naturbase.no. Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområder vart gjennomført i Hordaland i 2008. Arbeidet med å konvertere dette datasettet til godkjend SOSI – standard vart lagt ut på anbod 2.2.2015. Geodata fekk jobben og skal vere ferdig med topologisjekk og konvertering av datasettet «regionale friluftsområde» til godkjend SOSI-standard innan mai 2015. Hordaland fylkeskommune sin GIS-koordinator Torbjørn E. Bøe legg inn dei regionale datasetta i Miljødirektoratet sin Naturbase.

Miljødirektoratet lyste ut midlar 11. januar for 2015 med ei ramme på kr 5 millionar. Søknadsfristen var 10. mars og Hordaland vart i tilsegnsbrev av 27.03 tildelt kr 667.000. Det er krav om 50% eigenfinansiering frå fylket og kommunar. Fylkestinget 9.-10 desember 2014 avsette kr 428.000 frå post 400.420 til tiltaket. I tillegg vert det nytta arbeidsressursar til prosjektleiar og GIS koordinator på kr 80.000. Kommunane bidreg

med kr 630.500 i eigeninnsats og kommunale midlar. Det er såleis kr 1.095.000 (kr 667.000 statlege midlar + kr 428.000 av HFK midlar) til fordeling til kartlegging og verdisetting av friluftsområder i kommunane i Hordaland for 2015.

Kommunane hadde søknadsfrist 15. februar til Hordaland fylkeskommune. Det kom inn 10 søknadar. 3 kommunar søker om «restbeløp» fra 2014, og 7 kommunar søker om midlar til oppstart og gjennomføring av arbeidet med kartlegging og verdsetting. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot. Desse utgjorde Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet.

Hordaland fylkeskommune er tildelt midlar til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å ha løpende sakshandsaming av søknadar om tilleggsløyving på kr 30.000 til kvart prosjekt til dette arbeidet (16 kommunar i 2014 og 2015).

Vurdering

Alle kommunane som har søkt vil gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med rettleiar M98-13. Kartlegginga legg særleg vekt på nærmiljøområder, ferdselsårer og grøntområde i og nær busetnad/tettstader.

Erfaringar frå Nordland fylkeskommune har vore lagt til grunn i vurderinga av tildeling 2015. I Nordland vart det tildelt mellom 30.000 – 60.000 til kvar kommune for sjølvé kartlegginga og verdisettinga av friluftsområda og høve til å søke om kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. I Hordaland er det lagt opp til same praksis, med unnatak av Bergen kommune som skal kartlegge alle bydelar. I søknaden frå kommunane kjem finansieringsplan, arbeidsplan og vurderingar av ressursbruk og prosjektleiing fram. Alle søknadane fyller krava.